

Fitjar kommune

5418 FITJAR

Dato: 07.09.2017

Vår ref.: 2017/15222-3

Saksbehandlar: Endre Korsøen


Telefon: 917 64 632

Sjøtroll Havbruk AS - Søknad om auka maksimalt tillaten biomasse i anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11492 Storevikholmen i Fitjar kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette søknad motteke 06.09.2017 frå Sjøtroll Havbruk AS om løyve til auka maksimalt tillaten biomasse (MTB) i eksisterande anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11492 Storevikholmen i Fitjar kommune.

Søknaden gjeld utviding av maksimalt tillaten biomasse frå 2340 tonn til 3120 tonn i eksisterande anlegg.

Godkjent anlegg består av seks frittliggande ringar på ei rekkje, som ligg i lengderetning nordvest. Det ligg og ein fôrlåte på nordaustsida av anlegget. Noverande anleggsplasseringa vart godkjent etter akvakulturregelverket 05.04.2016, sjå figur under.



Bakgrunnen for søknaden er at Sjøtroll Havbruk AS i august 2017 har flytta fisk til mellom anna lokaliteten Storevikholmen frå lokalitetar i Sørfjorden ved Osterøy for å redusere utsleppet av organiske partiklar til denne fjorden. For å unngå å slakte liten fisk som det ikkje er marknad for har verksemda behov for å auke lokalitetsbiomassen på Storevikholmen som omsøkt, sjå følgeskriv til søknaden.

Miljøtilstand under og i nærsona til anlegget, har vore målt gjennom MOM-undersøkingar (NS 9410). I alt er det gjennomført 6 MOM B-undersøkingar ved lokaliteten i perioden 2008-2016, og rapportar frå desse undersøkingane syner tilstand 1 og 2. Trendanalysane som er gjennomført i driftsfasa tyder på god miljøtilstand i området, og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne.

Lokaliteten ligg i område avsett som akvakultur i kommuneplanen.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte parter meiner tiltaket kan få vesentlige verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlige verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Fitjar kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:
Sjøtroll Havbruk AS